Lokalitetane er ordna alfabetisk først etter kommune, deretter lokalitetsnamn. Skildringa av kvar lokalitet er standardisert etter ein fast mal.

Følgjande forkortinger er nytta:

AK=Asbjørn Knutsen

HB=Harald Bratli (har gjeve opplysningar frå ARKO-prosjektet)

JB=John Bjarne Jordal

NSD=Norsk soppdatabase

O=belegg ved herbariet i Oslo

For lokalitetar som er registrerte frå før, er det vist til tidlegare lokalitetsnummer.

”BN”+talsiffer viser til nummer i Naturbase på Internett (IID).

Posisjonar er oppgjevne som omtrentleg midtpunkt, eller som omskrive rektangel (intervall).

Sjå også kapitlet om raudlisteartar, biletkapittelet, kjeldelista og artslistar (plante- og kryptogamlister).

## Nye lokalitetar

### 1 Selsøy: Eide

<b>Posisjon:</b>	KM 8178 4680
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.09.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	30.09.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 26.02.2010, basert på eige feltarbeid 30.09.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Selsøya i nordre del av Bømlo og består av overflatedyrka sletter omgjevne av grunnlendt berg og knausar. Berggrunnen består av granodioritt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningars. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er idag ei naturbeitemark som tidlegare kan ha vore slåttemark. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk fattigeng (utforming D0403). Av tre og buskar kan nemnast einer og rogn.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. blankburkne, heisiv, hårvæve, kystgrisøyre, kystmaure, purpurlyng (NT) og smalkjempe. Av sopp kan nemnast bleiktuppa småköllesopp

*Clavulinopsis luteoalba*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, glasblå raudskivesopp

*Entoloma caeruleopolitum* (NT), skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge

*Geoglossum glutinosum*, vanleg jordtunge *Geoglossum starbaeckii*, brunfnokka vokssopp

*Hygrocybe helobia*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, liten mørjevokssopp *Hygrocybe*

*miniata*, gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (VU), myrhette *Mycena megaspora*, grasfleinsopp *Psilocybe inquilina* og vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av utegangarsau (framleis i 2009), og har vore overflatedyrka for lang tid sidan og kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker. Det er store steingardar mange stader.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar kan bli naudsynt. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er eit gammalt kulturlandskap omgjeve av større areal med fattig og grunnlendt kystlynghei.

*Grunnjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein artsrik og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet er rikt og omfattar m.a. 4 raudlisteartar, delvis i høg raudlistekategori (raudlista 2006), mellom desse er den oseaniske arten gul slimvokssopp særleg interessant sidan kystkulturlandskapet er i sterk attgroing mange stader. Purpurlynghei er ein truga vegetasjonstype.

## 2 Hatthaugane

<b>Posisjon:</b>	KM 8956 3468
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark (40%) D07 Kystlynghei (60%)
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng, D0701 Tørr lynghei, D0706 Purpurlynghei
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.09.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	30.09.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 26.02.2010, basert på eige feltarbeid 30.09.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg tre kilometer aust for Svortland, sørvest for Innværfjorden. Berggrunnen består av migmatitt (Ragnhildstveit et al. 1998).

Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei blanding av nokonlunde like areal av kystlynghei og naturbeitemarka har mest interessant artsmangfald. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk fattigeng (utforming D0404), tørr lynghei (utforming D0701) og purpurlynghei (utforming D0706).

*Artsmangfold:* Av planteartar kan nemnast m.a. blåkoll, heiblåfjør, heisiv, knegras,

kystbergknapp, kystmaure og purpurlyng (NT). Av sopp kan nemnast halmgul køllesopp

*Clavaria flavipes* (NT), raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, *Entoloma minutum*, skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, liten mønjevokssopp *Hygrocybe miniata*, mørkskjela vokssopp *Hygrocybe turunda* (NT) og elfenbeinhette *Mycena flavoalba*.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Det kan og vera ønskjeleg med sviing. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

**Del av heilskapleg landskap:** Hatthaugane ligg i eit gammalt kulturlandskap med spreidde, fattige kystlyngheier. I dag vert dette kulturlandskapet gradvis meir fragmentert, og berre mindre delar vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing med lauvskog over større område, eller ein har planta til med bartre.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein større lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet er middels og omfattar m.a. fire raudlisteartar i låg kategori (raudlista 2006). Det er svakt innslag av purpurlynghei som er ein truga vegetasjonstype.

### 3 Folderøy: Stølen

<b>Posisjon:</b>	KM 9227 3513
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark (80%), D07 Kystlynghei (20%)
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng, D0701 Tørr lynghei, D0706 Purpurlynghei
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.09.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	30.09.2009

#### Områdeskildring

**Innleiring:** Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 26.02.2010, basert på eige feltarbeid 30.09.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god. Areal med mest preg av naturbeitemark er avgrensa, medan lyngheia er dårlig undersøkt.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg like nord for Folderøy, i eit trefattig knauslandskap ut mot Stokksundet. Berggrunnen består av granodioritt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetninga. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er ei blanding av kystlynghei og naturbeitemark der naturbeitemarka har mest interessant artsmangfold. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk fattigeng (utforming D0404), tørr lynghei (utforming D0701) og purpurlynghei (utforming D0706). Av tre og buskar kan nemnast einer, fagerrogn og rogn.

**Artsmangfold:** Av planteartar kan nemnast m.a. aurikkelsvæve, blåkoll, heiblåfjør, heisiv, hårsvæve, knegras, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmaure, kystmyrklegg, prestekrage, purpurlyng (NT), smalkjempe og tusenfryd. Av sopp kan nemnast vridd køllesopp *Clavaria amoenaoides* (NT), bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, glasblå raudskivesopp *Entoloma caeruleopolitum* (NT), mørktanna raudskivesopp *Entoloma serrulatum*, skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, liten mønjevokssopp *Hygrocybe miniata*, svartdogga vokssopp *Hygrocybe phaeococcinea* (NT) og elfenbeinhette *Mycena flavoalba*.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker, dette gjeld nok særleg den sørlege delen av det avgrensa området, som hadde interessant artsmangfold mest i kantane.

**Framande artar:** Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Området bør ikkje gjødsla, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Stokka ligg i eit gammalt kulturlandskap med spreidde, fattige kystlyngheier. I dag vert dette kulturlandskapet gradvis meir fragmentert, og berre mindre delar vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing med lauvskog over større område, eller ein har planta til med bartre.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein større lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet, men som truleg har vore noko gjødsla på delar av arealet. Artsmangfaldet er middels og omfattar m.a. fire raudlisteartar i låg raudlistekategori (raudlista 2006).

Purpurlynghei er ein truga vegetasjonstype.

## 4 Stokka

<b>Posisjon:</b>	KM 9346 3094
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.09.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	30.09.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 26.02.2010, basert på eige feltarbeid 30.09.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på sørsida av Siggjarvågen nordaust for Siggjo. Berggrunnen består av metagabbro (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og kanskje litt marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark med overgangar mot kystlynghei og fattig fastmattemyr. Viktigaste vegetasjonstype er frisk fattigeng (utforming D0404). Av tre og buskar kan nemnast einer, furu og hengjebjørk.

*Arts mangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. blåklokke, heisiv, heistorr, kamgras, kjeldeurt, knegras, kusymre, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmaure, smalkjempe og tusenfryd. Av sopp kan nemnast raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*, elfenbeinhette *Mycena flavoalba*, væpnarhatt *Rhodocybe caelata* og vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har truleg vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Det vart observert orientveronika.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Området bør ikkje gjødsla, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Stokka ligg i eit landskap med mykje skog, der naturbeitemarker og kystlynghei opptrer som fragment.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein lokalitet som framleis er i bruk, som har ein del beiteindikatorer, og som truleg har ein lang

beitekontinuitet, men kan ha vore noko gjødsla på delar av arealet. Artsmangfaldet er middels og omfattar m.a. ein raudlisteart i kategori sårbar (raudlista 2006).

## 5 Hiskjo: Melkevika

<b>Posisjon:</b>	KM 8327 2924
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark (90%), D07 Kystlynghei (10%)
<b>Utforming:</b>	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng, D0706 Purpurlynghei
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.10.2004 (AK, Jordal & Knutsen 2004), 30.09.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	30.09.2009

### Områdeskildring

*Innleiring:* Skildringa er skiven John Bjarne Jordal 26.02.2010, basert på besøk 05.10.2004 (Asbjørn Knutsen, Jordal & Knutsen 2004) og eige feltarbeid 30.09.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved ei austvendt strand på nordlege del av Hiskjo, som vert nytta til badeplass. Berggrunnen består av gabbro (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av marine avsetningar med m.a. skjelsand. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark med overgangar mot kystlynghei. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk/tørr, middels baserik eng med m.a. dunhavre (utforming D0407), og elles fleire andre basekrevande artar.

*Artsmangfold:* Av planteartar kan nemnast m.a. blåklokke, blåkoll, dunhavre, fagerperikum, fjørekoll, gulmaure, heiblåfjør, hårvæve, knegras, knopparve, krypvier, kystmaure, myrsaulauk, purpurlyng (NT), saltsiv, skogfiol, smalkjempe, storblåfjør, strandkjempe, strandkryp og svartknoppurt. Av sopp kan nemnast rosa fagerhatt *Calocybe carneae*, bleiktuppa småköllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, flammetraudskivesopp *Entoloma exile*, *Entoloma longistriatum*, *Entoloma minutum*, vorteraudskivesopp *Entoloma papillatum*, mørktanna raudskivesopp *Entoloma serrulatum*, skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, lutvranghette *Hemimycena delectabilis*, liten mønjevokssopp *Hygrocybe miniata*, svartdogga vokssopp *Hygrocybe phaeococcinea* (NT), russelær vokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT) og svartlodnetunge *Trichoglossum hirsutum*. Den 05.10.2004 fann Asbjørn Knutsen dessutan gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, bleikskiva raudskivesopp *Entoloma infula*, vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (NT) og elles m.a. seks vokssoppartar (pers. komm., Jordal & Knutsen 2004).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert raigras.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på arts Mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilsakapleg landskap:* Hiskjo er eit gammalt kulturlandskap med mykje kystlynghei og naturbeitemarker. I dag er kulturlandskapet i ferd med å bli fragmentert, og berre delar av øya vert holden i hevd med beiting.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under litt tvil verdi B (viktig) fordi det er velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har

ein lang beitekontinuitet. Intakte skjelsandenger tek til å bli uvanlege. Artsmangfaldet er relativt rikt og omfattar m.a. fleire kalkindikatorar og fire raudlisteartar i låg raudlistekategori (raudlista 2006). Purpurlynghei og frisk/tørr, middels baserik eng med dunhavre er truga vegetasjonstypar.

## 6 Otterøyvika

<b>Posisjon:</b>	KM 9949 2630
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark, D05 Hagemark, D07 Kystlynghei
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng, D0502 Einerhage, D0701 Tørr lynghei
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	12.10.2006 Per Fadnes (NSD), 01.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	01.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 26.02.2010, basert på feltarbeid 12.10.2006 av Per Fadnes (Norsk soppdatabase) og eige feltarbeid 01.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god. Men det er skjønnsmessig korleis ein avgrensar mot meir attgrodd buskmark og lynghei.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på midtre og nordlege del av Otterøya aust i kommunen. Berggrunnen består av sandig fyllitt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetninga. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark med varierande attgroing med einerbuskmark, røsslyng og lauvtre. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk fattigeng (utforming D0404), einerbuskmark (utforming D0502) og røsslynghei (utforming D0701). Av tre og buskar kan nemnast einer, furu og krisettorn.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. heisiv, kystmaure og søtbjørnebær. Av sopp kan nemnast stilkmosekantarell *Arrhenia acerosa*, bleiktuppa småköllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, flammeftraudskivesopp *Entoloma exile*, *Entoloma minutum*, mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (NT), skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, liten mønjevokssopp *Hygrocybe miniata*, lutvokssopp *Hygrocybe nitrata*, gråhette *Mycena aetites*, branntussehatt *Myxomphalia maura*, *Ramaria flaccida* og vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Svarthyll er truleg planta.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape er naudsynt. Det kan vera ønskjeleg med sviing og helst sterkare beitetrykk. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Otterøya er eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og prega av attgroing med buskar og skog på delar av øya.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein større lokalitet som framleis er i bruk, som har nokre beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Attgroinga trekker ned. Artsmangfaldet er middels og omfattar m.a. to raudlisteartar (raudlista 2006).

## 7 Otterøya sør

<b>Posisjon:</b>	KM 9955 2586
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark, D07 Kystlynghei, G09 Rike strandberg
<b>Utforming:</b>	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng, D0701 Tørr lynchei, D0706 Purpurlynghei, G0902 vestleg utforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.10.2004, AK (Jordal & Knutsen 2004), 01.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	01.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 27.02.2010, basert på besøk 10.10.2004, Asbjørn Knutsen (Jordal & Knutsen 2004) og eige feltarbeid 01.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god. Men det er skjønnsmessig korleis ein avgrensar mot meir attgrodd buskmark og lynchei. Delar av lokaliteten fell saman med eit sjøfuglreservat (VV00001737 Otterøy og Hestholmen).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i dei mest strandnære partia på sørlege del av Otterøya i austlege del av kommunen. Berggrunnen består av sandig fyllitt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark i mosaikk med kalkrike strandberg og kystlynghei. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk/tørr, middels baserik eng med mykje kamgras og hjartegras mm. (utforming D0407), og elles D0701 tørr lynchei, D0706 purpurlynghei og G0902 vestleg utforming av rike strandberg. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, furu, kristtorn, rogn, rognasal og steinnytte.

*Artsmangfold:* Av planteartar kan nemnast m.a. blåklokke, blåkoll, bustnype, fjørekoll, fjøresivaks, heiblåfjør, heisiv, hjartegras, hårvæve, jåblom, kamgras, kattefot, klourt, knegras, krypvier, kystbergknapp, kystmaure, kystmyrklegg, purpurlyng (NT), sauesvingel, skjoldberar, skjoldblad (NT), skjørbuksurt, smalkjempe, stankstorkenebb, svartereknapp og sylarve. Svært interessant var funn av papirhinnelav *Leptogium britannicum* (DD) (på knausar nær stranda), som har ei svært avgrensa, sørleg-oseanisk utbreiing på Vestlandet og dessutan er knytt til baserike strandberg. Av mosar kan nemnast gullhårmose *Breutelia chrysocoma*.

Av sopp kan nemnast gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (NT), vridd køllesopp *Clavaria amoenoides* (NT), røykkøllesopp *Clavaria fumosa* (NT), gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*,

*Entoloma atrocoeruleum* (NT), svartblå raudskivesopp *Entoloma chalybaeum*, slåtteraudskivesopp *Entoloma pratulense* (NT), skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, lutvranghette *Hemimycena delectabilis*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, blek engvokssopp *Hygrocybe pratensis* var. *pallida*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT), vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (NT), gråhette *Mycena aetites*, elfenbeinhette *Mycena flavoalba*, myrhette *Mycena megaspora*, fioletkanthette *Mycena purpureofusca*, liten møkkfleinsopp *Psilocybe subcoprophila*, kvit småfingersopp *Ramariopsis kunzei* (NT), *Tremellodendropsis tuberosa* (NT) og svartlodnetunge *Trichoglossum hirsutum*. 10.10.2004 er det i tillegg funne ramneraudskivesopp *Entoloma corvinum* (NT), flammeffraudskivesopp *Entoloma exile*, mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (NT), *Entoloma velenovskyi* (NT), spissvokssopp *Hygrocybe acutoconica*, gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT) og

skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (NT) (samla av Asbjørn Knutsen, bestemt av J.B. Jordal). Lokaliteten har vore hekkeområde for fiskemåse og terner (Naturbase).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), men beitetrykket er truleg for lågt.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Det kan og vera ønskjeleg med sviing og helst sterkare beitetrykk. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Otterøya er eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker, strandberg og kystlynghei. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og prega av attgroing med buskar og skog på deler av øya.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet er rikt og omfattar m.a. mange kalkindikatorar, fleire oseaniske artar og 17 raudlisteartar (12 sett i 2009) (raudlista 2006). Purpurlynghei og frisk/tørr, middels baserik eng med kamgras er truga vegetasjonstypar.

## 8 Mosterhamn: Kalkommen

<b>Posisjon:</b>	KM 9653 2362
<b>Naturtype:</b>	D15 Skrotemark
<b>Utforming:</b>	D1503 Kalkbrot
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.09.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	29.09.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 25.02.2010, basert på eige feltarbeid 29.09.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i Mosterhamn omgjeven av bustader, og nær sjøen i aust. Berggrunnen består av marmor (Ragnhildstveit et al. 1998) med eit varierande, men mange stader tynt jorddekk. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei skrotemark av utforminga kalkbrot. Viktigaste vegetasjonstypar er truleg F3 bergknaus og bergflate og F4 urterik kant (Fremstad 1997). Av tre kan nemnast ask og hassel.

*Artsmangfald:* I tørre kantsoner av sjøve brotet veks den sjeldne og raudlista lodnefølblom (EN). Denne kulturplanten er svært utsett for attgroing av beite og slåttemark, men ser ut til å ha funne ei nisje her ved kalkbrota. Av planteartar elles kan nemnast m.a. bendellauk (NT), bergflette, blåklokke, blåstorr, gulmaure, hjartegras, kamgras, musekløver, prikkperikum, rundskolm, skogbingel, skogkløver, smalkjempe, storblåfjør og vill-lin. Svært interessant var funn av papirhinnelav *Leptogium britannicum* (DD) (på knausar), som har ei svært avgrensa, sørleg-oseanisk utbreiing på Vestlandet og dessutan er knytt til baserike strandberg. Av sopp kan nemnast den kalkrevande arten grøn raudskivesopp *Entoloma incanum* (NT). Det finst truleg også raudlista skorpelav på kalksteinen, sidan fleire slike artar er påviste i Mosterhamn.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er utnytta til kalkbrot, og det er fleire inngrep som restar etter industri, eit utandørs amfiteater, hus mm.

*Framande artar:* Det vart observert blankmispel og platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er først og fremst del av eit landskap i Mosterhamn med kalkrike bergartar og artar som er knytt til desse. Mange slike artar er sjeldne men har gode bestandar i Mosterhamn pga. marmor i dagen. Det er fare for at arealet av slike område minkar gjennom nedbygging av kalkområda.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein lokalitet som har mange kravfulle, kalkkrevande artar. Artsmangfaldet omfattar m.a. mange kalkindikatorar og fire raudlisteartar, delvis i høg raudlistekategori (raudlista 2006).

## 9 Mosterhamn ved Hiltahuset

<b>Posisjon:</b>	KM 9651 2359
<b>Naturtype:</b>	D01 Slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 Frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av slått, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	02.10.2009

### Områdeskildring

*Innleiring:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 25.02.2010, basert på eige feltarbeid 02.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i busettanaden i Mosterhamn. Lausmassane består av marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oceanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei plan som fungerer som slåttemark, og som tidlegare kan ha vore naturbeitemark. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk/tørr, middels baserik eng (utforming D0107).

*Artsmangfold:* Av planteartar kan nemnast m.a. aurikkelsvæve, blåkoll, gjeldkarve, gulmaure, kjertelaugnetrøst og svartknoppurt. Av sopp kan nemnast gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, grøn raudskivesopp *Entoloma incanum* (NT), rombespora raudskivesopp *Entoloma rhombisporum* (NT), dynejordtunge *Geoglossum cookeanum* (NT, store mengder) og vanleg jordtunge *Geoglossum starbaeckii*.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er slått med plenklippar i det siste, og kan ha vore svakt gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i slått. Området bør ikke gjødsla, siden dette har øydeleggjande effekt på arts Mangfaldet, det same gjeld tilleggsføring. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* I Mosterhamn finst framleis restar av eit gammalt kulturlandskap med kalkrike grasmarker. I dag er kulturlandskapet fragmentert av bustad- og industribygging.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under litt tvil verdi B (viktig) fordi det er ei slåttemark som framleis vert slått med plenskjøtsel, og som har nokre beiteindikatorer.

Artsmangfaldet er middels rikt og omfattar m.a. tre raudlisteartar i låg kategori (raudlista 2006).

## 10 Mosterhamn: Synken

<b>Posisjon:</b>	KM 9604 2337
<b>Naturtype:</b>	D15 Skrotemark

<b>Utforming:</b>	D1503 Kalkbrot
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.09.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	29.09.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skiven John Bjarne Jordal 25.02.2010, basert på eige feltarbeid 29.09.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i vestre del av Mosterhamn, rett sør for ei lita tjønn, omgjeve av små skogområde, myr og busetnad. Berggrunnen består av marmor (Ragnhildstveit et al. 1998) med eit varierande, men mange stader tynt jorddekke. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsekssjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei skrotemark av utforminga kalkbrot. Viktigaste vegetasjonstypar er truleg F3 bergknaus og bergflate og F4 urterik kant (Fremstad 1997), men det finst og vassplanter knytt til bekkar, sig og til tjønna i nord. Av tre og buskar kan nemnast m.a. fagerrogn.

*Artsmangfald:* I tørre kantsoner av sjøve brotet veks den sjeldne og raudlista lodnefølblom (EN). Denne kulturplanten er svært utsett for attgroing av beite og slåttemark, men ser ut til å ha funne ei nisje her ved kalkbrota. Av planteartar elles kan nemnast m.a. bekkeveronika, gjeldkarve, gulsildre, kjempepiggnopp, klourt, skogbingel, svartknoppurt, svartknoppurt, trollnype (VU) og vill-lin. Av sopp kan nemnast grå ringmusserong *Tricholoma cingulatum*, som truleg var ny for Vestlandet. Det finst truleg også raudlista skorpelav på kalksteinen, siden fleire slike artar er påviste i Mosterhamn.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er utnytta til kalkbrot, og har både brotflater i berget, lausmassar som er brote laus, vegar og merke etter køyretøy.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er først og fremst del av eit landskap i Mosterhamn med kalkrike bergartar og artar som er knytt til desse. Mange slike artar er sjeldne men har gode bestandar i Mosterhamn pga. marmor i dagen. Det er fare for at arealet av slike område minkar gjennom nedbygging av kalkområda.

*Grunngjeving for verdisetning:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein lokalitet som har mange kalkrevande og kravfulle artar, dels med lite utbreiingsområde i Noreg. Artsmangfaldet omfattar m.a. to raudlisteartar i høg raudlistekategori (raudlista 2006).

## 11 Grønås: Kobbavika

<b>Posisjon:</b>	KM 9549 2475
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	01.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 27.02.2010, basert på eige feltarbeid 01.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ned mot sjøen ved Grønås på Moster. Berggrunnen består av metavulkanitt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetninga. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk/tørr, middels baserik eng med mykje kamgras (utforming D0407), og elles andre basekrevande artar som hjartegras. Av tre og buskar kan nemnast einer og furu.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. blåklokke, blåkoll, gåsemure, heisiv, hjartegras, kamgras, knegras, kystmaure, skjørbuksurt, smalkjempe, tusenfryd og vill-lin. Av sopp kan nemnast *Coprinopsis cinereofloccosus*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, lutvokssopp *Hygrocybe nitrata*, russelærvoekssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT) og vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Området bør ikke gjødslast, siden dette har øydeleggjande effekt på arts Mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området hører til eit gammalt kulturlandskap på Moster med kalkrike naturbeitemarker, edellauvskogar og kystlynghei. Moster har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap på kalkrik grunn, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre område vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroat med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Arts Mangfaldet er rikt og omfattar m.a. to raudlisteartar (raudlista 2006).

## 12 Grønås: Mølleveika

<b>Posisjon:</b>	KM 9573 2469
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroat
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	01.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 27.02.2010, basert på eige feltarbeid 01.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ned mot sjøen ved Grønås på Moster. Berggrunnen består av metavulkanitt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane

består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk/tørr, middels baserik eng med mykje kamgras (utforming D0407), og elles andre basekrevande artar som hjartegras og vill-lin. Av tre og buskar kan nemnast einer, fagerrogn, furu, hassel, krossved, osp og rogn.

*Artsmangfold:* Av planteartar kan nemnast m.a. bekkeveronika, bergflette, blåkoll, blåstorr, dvergsmyle, engstorr, hjartegras, kamgras, kjeldeurt, klourt, knegras, knollerteknapp, kystbergknapp, kystmaure, kystmyrklegg, myrsaulauk, raggtelg, saltsiv, skjoldberar, skjoldblad (NT), smalkjempe, stankstorkenebb, steinnype, strandkjempa, strandkryp, svartor, vill-lin og vivendel. Av sopp kan nemnast flammeftaudskivesopp *Entoloma exile*, skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT), brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, sauevokssopp *Hygrocybe ovina* (VU), blek engvokssopp *Hygrocybe pratensis var. pallida* og vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (NT). Tidlegare er det også funne praktraudskivesopp *Entoloma bloxamii* (VU) (12.09.2005 Asbjørn Knutsen, Norsk soppdatabase).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsint. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på arts Mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området høyrer til eit gammalt kulturlandskap på Moster med kalkrike naturbeitemarker, edellauvskogar og kystlynghei. Moster har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap på kalkrik grunn, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre område vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet er rikt og omfattar m.a. fire raudlisteartar, delvis i høgare raudlistekategori (raudlista 2006).

## 13 Grønåsvågen: Klubben

<b>Posisjon:</b>	KM 9542 2461
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkratt
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	02.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 27.02.2010, basert på eige feltarbeid 02.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på austsida av Grønåsvågen i bratte, vestvendte skrentar. Berggrunnen består av metavulkanitt (Ragnhildstveit et al. 1998).

Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er ein rik edellauvskog av utforminga rikt hasselkratt. Viktigaste vegetasjonstypar er D2c rikt kysthasselkratt og F4 urterik kant, med overgang mot kalkrike strandberg (Fremstad 1997). Av tre og buskar kan nemnast ask, einer, fagerrogn, furu, hassel, hengjebjørk, kristtorn, krossved, lind, osp, rogn, rognosal, selje og villapal.

**Artsmangfald:** Av planteartar kan nemnast m.a. begerhagtorn, bergflette, blodstorkenebb, blåkoll, broddtelg, fagerperikum, hengjeaks, hjartegras, jordnøtt, knollerteknapp, kratthumleblom, kusymre, kystbergknapp, kystbjørnekjeks, lodnefølblom (EN, denne kulturplanten er svært utsett for attgroing av beite og slåttemark, men ser ut til å ha funne ei nisje i tørre kalkrike kantar i Mosterhamn), lundrapp, markjordbær, murburkne, prikkperikum, purpurlyng (NT), sanikel, skjelrot, skogfiol, skogsvinerot, skogvikke, smørbuukk, stankstorkenebb, steinmeye, svartburkne, tannrot, trollhegg, vestlandsvikke og vivendel. Av lav kan nemnast kystblåfiltlav *Degelia atlantica* (VU), vanleg blåfiltlav *Degelia plumbea*, flishinnelav *Leptogium lichenoides*, filthinnelav *Leptogium saturninum*, kystnever *Lobaria virens*, kystprikklav *Pseudocypphellaria norvegica* (EN), rund porelav *Sticta fuliginosa* og buktporelav *Sticta sylvatica*. Mosen kammose *Ctenidium molluscum* vart og funnen. Av sopp kan nemnast røykkøllesopp *Clavaria fumosa* (NT), bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, lundslørsopp *Cortinarius nemorensis*, krustrompetsopp *Craterellus sinuosus*, lys haustumkerel *Helvella crispa*, musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT), eseløre *Otidea onotica*, silkemusserong *Tricholoma columbetta* og svovelmusserong *Tricholoma sulphureum*. Tidlegare er det dessutan funne smal soppklubbe *Cordyceps ophioglossoides*, svart trompetsopp *Craterellus cornucopioides*, seig høstmorkel *Helvella elastica* og lodnesølpigg *Phellodon confluens* (Asbjørn Knutsen, Norsk soppendatabase).

**Bruk, tilstand og påverknad:** Det er gjort fleire fysiske inngrep i samband med bygging av naust, trapper mm.

**Framande artar:** Det vart observert ein mispel-art og platanlønn.

**Skjøtsel og omsyn:** Fysiske inngrep og treslagskjifte bør unngåast.

**Del av heilskapleg landskap:** Små, smale edellauvskogar langs solvendte bergskrentar er ein rest av opprinneleg natur i det gamle småskala kulturlandskapet på Moster, i mosaikk med kalkrike strandberg, naturbeitemarker, kystlyngheier og oppgroande skog av andre typar. Landskapet er svært artsrikt med levedyktige bestandar av mange sjeldne, oseaniske mose- og lavartar, og heile landskapsmosaikken er viktig for å bevara artsmangfaldet.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein velutvikla edellauvskog. Artsmangfaldet er svært rikt for eit så lite område og omfattar m.a. fem raudlisteartar, delvis i høg raudlistekategori (raudlista 2006).

## 14 Steinsland

<b>Posisjon:</b>	KM 9573 2469
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.10.1999 Asbjørn Knutsen og Ingvar Stenberg, 09.10.2004, Asbjørn Knutsen (Jordal & Knutsen 2004)
<b>Siste feltsjekk:</b>	09.10.2004

## Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 27.02.2010, basert på feltarbeid 09.10.1999 Asbjørn Knutsen og Ingvar Stenberg, og feltarbeid av Asbjørn Knutsen 09.10.2004 (Jordal & Knutsen 2004). Avgrensinga er basert på ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Steinsland ved Håvik, eit stykke ovanfor vegen opp mot skogen. Steinsland er ein gard på Moster. Garden går frå sjøen oppover lia under Siggjo. Her er solvendt og lunt, truleg ein av dei varmaste stadane i kommunen. Nedom grensar lokaliteten til gammal fattig edellauvskog med eik mm. (lokalitet BN00012126 Indre Håvik, her er og lind, alm, hassel, kristtorn, krossved og barlind). Ovom er det furu og fjell. Berggrunnen består av grønstein (Ragnhildstveit et al. 1998).

Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark. Viktigaste vegetasjonstype er frisk/tørr, middels baserik eng med mykje kamgras (utforming D0407), og elles andre basekrevande artar som vill-lin.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. mykje kamgras og noko vill-lin. Av sopp kan nemnast 16 vokssoppartar funne ved to besøk, m.a. lutvokssopp *Hygrocybe nitrata*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT) og raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT). Elles er det funne svartblå raudskivesopp *Entoloma chalybaeum*.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Sauer beiter og held einer og buskar borte. Einstape gror inn på bakkane somme stader. Lokaliteten har truleg vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på arts Mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilsakapleg landskap:* Området hører til eit gammalt kulturlandskap på Moster med kalkrike naturbeitemarker, edellauvskogar og kystlynghei. Moster har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre areal vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroat med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under litt tvil verdi A (svært viktig) fordi det er ein middels stor lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer (dels kalkkrevende), og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Den truga vegetasjonstypen kamgraseng førekjem. Artsmangfaldet omfattar m.a. to raudlisteartar (raudlista 2006), og det er truleg potensiale for mange fleire beitemarkssopp.

## 15 Lykling: nord for Varden

<b>Posisjon:</b>	KM 8478 2485
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark, D07 Kystlynghei
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng, D0706 Purpurlynghei
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroat
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.10.2009, JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	04.10.2009

## Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på eige feltarbeid 04.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på vestsida av vegen nord for Varden ved Lykling og er ganske liten. Berggrunnen består av gabbro og trondhjemitt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk fattigeng (utforming D0404) og purpurlynghei (utforming D0706). Av tre og buskar kan nemnast ask, bjørk, einer, hassel, osp og rogn.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. blåklokke, fagerperikum, heiblåfjør, heisiv, knollerteknapp, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmaure, purpurlyng (NT), svartknoppurt. Av sopp kan nemnast grå vokssopp *Hygrocybe irrigata* og skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på arts Mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området hører til eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei. Lykling har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre område vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein liten lokalitet som framleis er i bruk, som har fleire beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet er middels og omfattar m.a. ein raudlisteart (raudlista 2006). Purpurlynghei er ein truga vegetasjonstype.

## 16 Lykling: Barbuneset naturbeitemark

<b>Posisjon:</b>	KM 8436 2483
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.10.2009, JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	04.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på eige feltarbeid 04.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved Barbuneset på Lykling. Berggrunnen består av gabbro og trondhjemitt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark. Viktigaste vegetasjonstype er frisk/tørr, middels baserik eng med mykje kamgras (utforming D0407), og elles fleire andre basekrevande artar. Av tre og buskar kan nemnast einer, fagerrogn, furu, kristtorn, rogn, rognosal og øyrevier.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. bergflette, blankburkne, blåkoll, dvergsmyle, engstorr, heistorr, hårsvæve, jáblom, kamgras, kjeldeurt, knegras, krypvier, kystbergknapp,

kystgrisøyre, kystmaure, kystmyrklegg, kysttjørnaks, mjølbær, olavsskjegg, purpurlyng (NT), skjørlok, smalkjempe, stankstorkenebb, steinnype, strandkjemp, svartknoppurt, trollnype (VU) og vill-lin. Av sopp kan nemnast gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, raudgul småkøllesopp *Clavulinopsis laeticolor*, bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, flammetraudskivesopp *Entoloma exile*, mjøraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (NT), skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT) og vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (NT). *Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Det vart observert landøyda.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Området bør ikkje gjødsla, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området hører til eit gammalt kulturlandskap med naturbitemarker og kystlynghei. Lykling har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre område vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet er rikt og omfattar m.a. fem raudlisteartar, delvis i høgare raudlistekategori (raudlista 2006).

## 17 Lykling: Barbuneset kystlynghei

<b>Posisjon:</b>	KM 8436 2483
<b>Naturtype:</b>	D07 Kystlynghei
<b>Utforming:</b>	D0706 Purpurlynghei
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.10.2009, JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	04.10.2009

### Områdeskildring

*Innleiring:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på eige feltarbeid 04.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved Barbuneset på Lykling. Berggrunnen består av gabbro og trondhjemitt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetninga. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei kystlynghei. Viktigaste vegetasjonstype er purpurlynghei (utforming D0706).

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. bergflette, blankburkne, dvergsmyle, heistorr kjeldeurt, knegras, krypvier, kystbergknapp, kystmaure, kystmyrklegg, kysttjørnaks, mjølbær, olavsskjegg, purpurlyng (NT), skjørlok, smalkjempe, stankstorkenebb, steinnype og trollnype (VU). Sopp vart i hovudsak funne i naturbitemarka (sjå eigen lokalitet).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009).

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Det kan vera ønskjeleg med sviing somme stader. Området bør ikkje gjødsla, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området hører til eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei. Lykling har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre område vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroatning med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei stor og velutvikla purpurlynghei som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet omfattar m.a. to raudlisteartar (raudlista 2006). Purpurlynghei er ein truga vegetasjonstype.

## 18 Grutle: Omnsvika

<b>Posisjon:</b>	KM 8379 2165
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite, attgroatning
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.10.2009, JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	04.10.2009

### Områdeskildring

*Innleiring:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på eige feltarbeid 02.10.2009 (JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten tilhører innmarka på eit nedlagt småbruk som ligg ved Omnsvika nord for Grutle. Det er berre ein därleg grusveg stengt med bom som fører hit. Areala ned mot sjøen verka meir gjødsla og artsfattige (ikkje avgrensa).

Berggrunnen består av metabasalt og metavulkanittar (Ragnhildstveit et al. 1998).

Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark som tidlegare har vore slåttemark. Viktigaste vegetasjonstype er frisk fattigeng (utforming D0404). Av tre og buskar kan nemnast m.a. einer.

*Artsmangfold:* Av planteartar kan nemnast m.a. bergflette, hundekveke, kystmaure, purpurlyng (NT) og smalkjempe. Av lav vart det notert lungenever *Lobaria pulmonaria* og kystnever *Lobaria virens*. Av sopp kan nemnast bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum* og vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har vore overflaterydda og truleg svakt gjødsla på større grasflekker tidlegare. Det finst mange steingjerde.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på arts mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området hører til eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei. Grutle har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre område vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroatning med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein lokalitet som framleis er i bruk, som har nokre beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet.

Artsmangfaldet er middels og omfattar m.a. to raudlisteartar (raudlista 2006). Purpurlynghei er ein truga vegetasjonstype.

## 19 Grutle

<b>Posisjon:</b>	KM 8428 2142
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.10.2009, JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	04.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skiven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på eige feltarbeid 04.10.2009 (JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Grutle, i ei sør vendt helling nedom småbruka her. Berggrunnen består av metabasalt og metavulkanittar (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei knauset naturbeitemark.

Viktigaste vegetasjonstype er frisk fattigeng (utforming D0404). Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, hassel, krossved, osp og rogn.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. bergflette, bergmjølke, blåklokke, dvergsmyle, hårvæve, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmaure, purpurlyng (NT), smalkjempe, søtbjørnebær, stankstorkenebb, sumpmaure, svartburkne og svartknoppurt. Av sopp kan nemnast raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på arts mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området hører til eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei. Grutle har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre område vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei naturbeitemark som framleis er i bruk, som har fleire beiteindikatorer, og som truleg har ein lang kontinuitet med slått/beite. Delar av lokaliteten har truleg vore litt gjødsla. Artsmangfaldet er middels og omfattar m.a. to raudlisteartar i låg raudlistekategori (raudlista 2006).

## 20 Holmesjøen

<b>Posisjon:</b>	KM 8371 1846
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkratt
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	02.10.2009

## Områdeskildring

*Innleiring:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 27.02.2010, basert på eige felter arbeid 02.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved nausta på Holmesjøen ved Holme. Berggrunnen består av lava og laminert tuff (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ein rik edellauvskog av utforminga rikt hasselkratt. Viktigaste vegetasjonstypar er D2c rikt kysthasselkratt og F4 urterik kant, med overgang mot kalkrike strandberg (Fremstad 1997). Av tre og buskar kan nemnast hassel, ask og hegg.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. breiflangre og trollnype (VU), elles bergflette, blodstorkenebb, murburkne, storblåfjør, svartknoppurt, jordnøtt, krossved, kusymre, vivendel, kystgrisøyre, tågebær, skogvikke, vestlandsvikke, vårmarihand, dvergmispel, gulmaure og knollerteknapp. Av lav kan nemnast kystblåfiltlav lungenever *Lobaria pulmonaria*, kystnever *Lobaria virens* og ein god bestand av skjelporelav *Sticta canariensis* (EN) på diverse steinar, ein art som har ei svært avgrensa, sørleg-oseanisk utbreiing i Noreg og dessutan er knytt til baserike bergknausar i beskytta miljø og varmt klima nær sjøen, m.a. i hasselkratt.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det er gjort fleire fysiske inngrep i samband med bygging av naust, veg mm. Landskapet kan ha vore meir ope i tidlegare tider.

*Framande artar:* Ingen framande artar vart observert.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep bør unngåast. Ein bør ikkje planta framande treslag eller endra lystilhøva i lokaliteten vesentleg.

*Del av heilsakapleg landskap:* Små, smale edellauvskogar langs solvendte bergskrentar er ein rest av opprinneleg natur i det gamle småskala kulturlandskapet i Bømlo, i mosaikk med kalkrike strandberg, kystlyngheier og oppgroande skog av andre typar. Landskapet er svært artsrikt med levedyktige bestandar av mange sjeldne, oseaniske mose- og lavartar, og heile landskapsmosaikken er viktig for å bevara arts Mangfaldet.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein liten edellauvskog med rikt arts mangfaldet som m.a. omfattar m.a. ein raudlisteart i høg raudlistekategori (raudlista 2006).

## 21 Vika: Vassåsen

<b>Posisjon:</b>	KM 8490 1791
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.10.2009, JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	04.10.2009

## Områdeskildring

*Innleiring:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på eige felter arbeid 04.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg nord for Vika, på nordaustsida av Vikavatnet, ikkje langt frå vegen. Berggrunnen består av konglomerat (Ragnhildstveit et al.

1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t). *Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark. Viktigaste vegetasjonstype er frisk/tørr, middels baserik eng med mykje kamgras (utforming D0407), og elles andre basekrevande artar som hjartegras. Av tre og buskar kan nemnast einer og hassel.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. blåklokke, blåkoll, heiblåfjør, heistorr, hjartegras, hårvæve, kamgras, krypvier, kusymre, kystbergnapp, kystmaure, murburkne, purpurlyng (NT), skogfiol, smalljempe, stankstorkenebb, steinnype, strandkjempe, svartburkne, svartknoppurt, sylarve og søtbjørnebær. Av sopp kan nemnast gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (NT), bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, vanleg jordtunge *Geoglossum starbaeckii*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT), grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, liten mønjevokssopp *Hygrocybe miniata*, raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT) og elfenbeinhette *Mycena flavoalba*.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Området bør ikkje gjødsla, sidan dette har øydeleggjande effekt på arts Mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området hører til eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei. Vika har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre område vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Arts Mangfaldet er rikt og omfattar m.a. fire raudlisteartar i låg raudlistekategori (raudlista 2006). Purpurlynghei og kamgraseng er truga vegetasjonstypar.

## 22 Vikavatnet aust

<b>Posisjon:</b>	KM 284 175
<b>Naturtype:</b>	D07 Kystlynghei
<b>Utforming:</b>	D0701 Tørr lynghei, D0706 Purpurlynghei
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.10.2009, JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	03.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på eige feltarbeid 03.10.2009 (JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg nordover frå Vika, forbi Vikavatnet og er del av eit større område med lynghei og naturbeitemark. Berggrunnen består av konglomerat (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningars. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei større kystlynghei. Viktigaste vegetasjonstypar er tørr lynghei (utforming D0701) og innslag av purpurlynghei (utforming

D0706), men det er og ein skilde intermediære myrar. Av tre og buskar kan nemnast einer, furu og rogn.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. blåklokke, heisiv, heistorr, hesterumpe, hjartegras, jáblom, krypvier, kystmaure, mjølbær, purpurlyng (NT), smalkjempe og særburstorr.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009).

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Det kan og vera ønskjeleg med sviing og helst sterkare beitetetrykk. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på arts Mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området ved Vika er eit gammalt kulturlandskap med kalkrike kystlyngheiar og naturbeitemarker. Landskapet er svært artsrikt med fleire oseaniske artar. I dag er kulturlandskapet fragmentert, men viktige delar vert framleis haldne i hevd ved beiting.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei stor og velutvikla kystlynghei som framleis er i bruk, som har innslag av den truga typen purpurlynghei, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet omfattar m.a. raudlistearten purpurlyng (raudlista 2006). Purpurlynghei er ein truga vegetasjonstype.

## 23 Lenuten nord: Træet

<b>Posisjon:</b>	KM 8481 1572
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	03.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på eige feltarbeid 03.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg nord for Lenuten fram mot sjøen sør for Vika, og i nordenden av Sætradalen. Berggrunnen består av konglomerat (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk/tørr, middels baserik eng (utforming D0407), urterike kantar og strandenger, med ulike basekrevande artar. Av tre og buskar kan nemnast einer, fagerrogn, furu, kristtorn, krossved, osp og rogn. Særmerkt er også svært store og gamle bergfletter.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. blodstorkenebb, blodtopp, blåklokke, blåkoll, enghumleblom, fagerperikum, fjørekoll, gåsemure, hjartegras, jáblom, klourt, knegras, krossknapp, krypvier, kusymre, kystbergknapp, kystmaure, kystmyrklegg, mjølbær, murburkne, musestorr, purpurlyng (NT), rosenrot, skjørlok, smalkjempe, smørbusk, småborre, stankstorkenebb, steinnytte, strandkjempe, strandkryp, svartburkne, svartknoppurt, trollnype (VU) og vill-lin. Av sopp kan nemnast raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, svartblå raudskivesopp *Entoloma chalybaeum*, *Entoloma cocles* (NT), flammeffraudskivesopp *Entoloma exile*, *Entoloma kervernii* (DD), slåtterraudskivesopp *Entoloma pratulense* (NT), skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum*

*glutinosum*, lutvranghette *Hemimycena delectabilis*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, svartlodnetunge *Trichoglossum hirsutum* og *Trichoglossum variable* (EN).

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker.

**Framande artar:** Det vart observert landøyda.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Området bør ikkje gjødsla, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

**Del av heilskapleg landskap:** Området høyrer til eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei. Vika og Sætradalen har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre område vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroatning med buskmark og lauvskog.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet er rikt og omfattar m.a. seks raudlisteartar, delvis i høg raudlistekategori (raudlista 2006). Purpurlynghei er ein truga vegetasjonstype.

## 24 Sætradalen vest

<b>Posisjon:</b>	KM 8471 1544
<b>Naturtype:</b>	D07 Kystlynghei
<b>Utforming:</b>	D0701 Tørr lynghei, D0706 Purpurlynghei
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroatning
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.10.2004, Asbjørn Knutsen (Jordal & Knutsen 2004), 03.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	03.10.2009

### Områdeskildring

**Innleining:** Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på feltarbeid 10.10.2004 av Asbjørn Knutsen (Jordal & Knutsen 2004), og eige feltarbeid 03.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg vest for Lenuten, frå Sætradalen (mellan Vik og Langevåg på Søra Bømlo) og vestover mot sjøen. Berggrunnen består av gabbro og konglomerat (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er ei større kystlynghei. Viktigaste vegetasjonstypar er tørr lynghei (utforming D0701), purpurlynghei (utforming D0706), men det er også enkelte intermediære til ekstremrike myrar. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer og furu. Særmerkt er også fleire svært store og gamle bergfletter inntil vestvendte berg.

**Artsmangfold:** Av planteartar kan nemnast m.a. blodtopp, blåklokke, blåkoll, brunskjene (NT), engstorr, heisiv, kattefot, krypvier, kusymre, kystmyrklegg, mjølbær, purpurlyng (NT), skogfiol, strandkjempesopp og vill-lin. Brunskjene vart funnen to stader i 2009, men har bestandar fleire stader (kjelde: A. Knutsen feltarbeid 10.10.2004). Av sopp i 2009 kan nemnast heiraudskivesopp *Entoloma fuscomarginatum*, ein sjeldan art med eit fåtal funn i landet knytt til lynghei. Tidlegare er det funne ramneraudskivesopp *Entoloma corvinum* og

mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (begge NT) i beita vegetasjon (KM 8456 1484, Asbjørn Knutsen 10.10.2004, Jordal & Knutsen 2004, Norsk soppsdatabase).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Det kan og vera ønskjeleg med sviing somme stader og helst sterkare beitetrykk. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på arts mangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området høyrer til eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei. Vika og Sætradalen har framleis ein mosaikk over større område med restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre delar vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Arts mangfaldet er rikt og omfattar m.a. fire raudlisteartar i låg raudlistekategori (raudlista 2006). Purpurlynghei er vanleg, dette er ein truga vegetasjonstype. Ekstremrik myr i låglandet er svært sjeldan å finna i dag, og er også ein truga vegetasjonstype.

## 25 Sætradalsvika 2

<b>Posisjon:</b>	KM 8422 1455
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.10.2004 (Jordal & Knutsen 2004), 03.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	03.10.2009

### Områdeskildring

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på eige feltarbeid 03.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god. Ein tilsvarande lokalitet (BN00012179 Sætradalsvika) er tidlegare skildra like sørafor (Naturbase).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved sørenden av Sætradalen mot sjøen (mellan Vika og Langevåg på Søra Bømlo). Berggrunnen består av gabbro og konglomerat (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar, m.a. skjelsand. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei naturbeitemark med overgang mot strandenger. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk/tørr, middels baserik eng med (utforming D0407) med overgang mot ulike typar strandenger, og dessutan rike strandberg.

*Arts mangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. vill-lin. Det er ikkje teke karplanteliste. Av sopp kan nemnast gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, svartblå raudskivesopp *Entoloma chalybaeum*, dynejordtunge *Geoglossum cookeanum* (NT), skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, brun engvokssopp *Hygrocybe colemanniana* (VU), russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT), kopartunge *Microglossum fuscotubens* (VU), elfenbeinhette *Mycena flavoalba* og svartlodnetunge *Trichoglossum hirsutum*.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009).

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Området høyrer til eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei. Vika og Sætradalen har framleis restar av eit gammalt, svært artsrikt småskala kulturlandskap, men det hastar med å sikra desse restane. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre delar vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing med buskmark og lauvskog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet er rikt og omfattar m.a. fire raudlisteartar, delvis i høgare raudlistekategori (raudlista 2006).

## 26 Upsøya

<b>Posisjon:</b>	KM 2815 1454
<b>Naturtype:</b>	G09 Rikt strandberg
<b>Utforming:</b>	G0904 Rik sjøsprøytsprekk
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.08.2008, Asbjørn Knutsen
<b>Siste feltsjekk:</b>	08.08.2008

### Områdeskildring

*Innleiring:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 28.02.2010, basert på besøk av Asbjørn Knutsen 08.08.2008 (pers. komm.), som og har ei rekke bilete. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Upsøya er vel 40 dekar og ligg nordvest for Espevær uti havet på vestsida av Søra Bømlo. Øya har ein bortimot 100 meter lang søraustvendt hellar på nordaustsida. Berggrunnen består av konglomerat (Ragnhildstveit et al. 1998). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten vert rekna som rike strandberg, utforming rik sjøsprøytsprekk. Vegetasjonstype er m.a. F2a bergsprekk og bergvegg, havburkneutforming (Fremstad 1997). Elles er det litt lystlyng med røsslyng, krekling og einer. Det var og fleire vasspyttar med vassplanter.

*Artsmangfald:* Av planteartar må særleg nemnast mykje havburkne (NT) i den langstreckte hellaren. Her var det og mykje blankburkne. I fuktige sig elles på øya var det ein god bestand av skjoldblad (NT). I vasspyttar vaks kysttjørnaks og hesterumpe. Elles vart det funne fjørekoll, kjeldeurt, kystbergknapp, smørbukk, strandstjerne, strandbalderbrå, ikkje artsbestemt tranebær mm.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Her har truleg vore beite tidlegare, men ikkje i seinare år. Det vart sett merke etter torvuttak.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Ingen spesielle.

*Del av heilskapleg landskap:* Upsøya er del av eit skjergardslandskap med mange verharde holmar og øyar som har vore nytta til beite.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er strandberg med fleire interessante artar, særleg dei to raudlisteartane skjoldblad og havburkne.

## Kjende lokalitetar med suppling

### BN00012099 Spyssøyhamn (ny avgrensing)

Posisjon:	KM 9662 2669
Naturtype:	D04 Naturbeitemark (50%), D07 Kystlynghei (50%), G09 Rike strandberg
Utforming:	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng, D0706 Purpurlynghei, G0902 vestleg utforming av rike strandberg
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder:	Moe (2003)(27.06.2001), Jordal & Knutsen (2004) (feltarbeid av Asbjørn Knutsen m.a. 30.09.2004), 05.10.2007, JBJ m.fl., Norsk soppdatabase, 02.10.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
Siste feltsjekk:	02.10.2009

#### Områdeskildring

*Innleiring:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 27.02.2010, basert på Naturbase pr. 20.02.2010 (Moe 2003, registreringsdato 27.06.2001), Jordal & Knutsen 2004 (feltarbeid av Asbjørn Knutsen 30.09.2004) og eige feltarbeid 05.10.2007 og 02.10.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ), samt Norsk soppdatabase. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i eit ope knauslandskap ved Spyssøyhamn på austsida av Spyssøya. Berggrunnen består av sandig fyllitt (Ragnhildstveit et al. 1998). Lausmassane består av morene og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ein mosaikk av naturbeitemark og kystlynghei, med innslag av rike strandberg. Ein har velt naturbeitemark som naturtype, siden denne har det viktigaste artsmangfaldet. Viktigaste vegetasjonstypar er frisk/tørr, middels baserik eng (utforming D0407), purpurlynghei/rikhei (utforming D0702/D0706) og kalkrike strandberg (utforming D0902), med basekrevande artar som hjartegras og vill-lin. Av tre og buskar kan nemnast einer og rognasal.

*Artsmangfold:* Av planteartar kan nemnast (2010 og tidlegare) m.a. blåklokke, blåkoll, dvergsmyle, heiblåfjør, heisiv, heistorr, hjartegras, kamgras, kattefot, knegras, krypvier, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmaure, kystmyrklegg, markfrytle, purpurlyng (NT), sauesvingel, smalkjempe, svartknoppurt og vill-lin. Av sopp i 2010 kan nemnast halmgul køllesopp *Clavaria flavipes* (NT), *Entoloma kervernii* (DD), skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, musserongvokssopp *Hygrocybe fornicate* (NT), grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT) og vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (NT). Tidlegare (2004-2009) er det dessutan funne gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, *Coprinopsis cordisporus*, *Entoloma atrocoeruleum* (NT), praktraudskivesopp *Entoloma bloxamii* (VU), *Entoloma calaminare*, mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (NT), sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT), skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (NT), lutvokssopp *Hygrocybe nitrata*, bleik engvokssopp *Hygrocybe pratensis var. pallida*, russelærsvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT), prakthette *Mycena floridula*, svartlodnetunge *Trichoglossum hirsutum*, *Trichoglossum variabile* (EN) og vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU) (Asbjørn Knutsen m.fl., Jordal & Knutsen 2004, Norsk soppdatabase).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er beita av sau (framleis i 2009), og har kanskje vore svakt gjødsla på større grasflekker.

*Framande artar:* Det vart observert gran.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av buskar og einstape kan bli naudsynt. Området bør ikkje gjødslast, sidan dette har øydeleggjande effekt på artsmangfaldet, det same gjeld tilleggsforing. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Spyssøya er eit gammalt kulturlandskap med kalkrike naturbeitemarker, edellauvskogar og kystlynghei. Landskapet er svært artsrik med m.a. mange oseaniske mose- og lavartar, kalkkrevande karplanter og ei mengd beitemarkssopp. I dag er kulturlandskapet fragmentert, og berre mindre delar av øya vert haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til attgroing på delar av øya.

*Grunnjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og velutvikla lokalitet som framleis er i bruk, som har mange beiteindikatorer, og som truleg har ein lang beitekontinuitet. Artsmangfaldet er rikt og omfattar m.a. 14 raudlisteartar, delvis i høg raudlistekategori (raudlista 2006). Purpurlynghei og kamgraseng er truga vegetasjonstypar.

## **BN00012168 Litlesynken**

<b>Posisjon:</b>	KM 9599 2329
<b>Naturtype:</b>	D15 Skrotemark
<b>Utforming:</b>	D1503 Kalkbrot
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Naturbase (B. Moe 28.05.2002, Moe 2003), 29.09.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	29.09.2009

### **Områdeskildring**

*Innleining:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 25.02.2010, basert på Naturbase (B. Moe 28.05.2002, Moe 2003) og eige feltarbeid 29.09.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i vestre del av Mosterhamn, og er eit av fleire nedlagte kalkbrot i Mosterområdet. Berggrunnen består av marmor (Ragnhildstveit et al. 1998) med eit varierande, men mange stader tynt jorddekk. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei skrotemark av utforminga kalkbrot. Dette er eit av dei mindre brota, med eit areal på ca. 60 x 60 m. Det er opptil 10 m høge vertikale skjeringar i berget. I den flate botnen av brotet er dreneringa därleg, og det samlar det seg ein del vatn. Truleg tørkar vatnet meir eller mindre bort i tørre periodar utover sommaren. Det har blitt donna torv oppå lausmassene av kalkgrus og sand. Her er det fragment av rikmyr. Fordi torva er flekkvis fordelt, er det òg open jord, inkludert nokre små vasspyttar. I desse vart det registrert ein kransalge. Viktigaste vegetasjonstypar er truleg F3 bergknaus og bergflate og F4 urterik kant (Fremstad 1997).

*Artsmangfold:* I den tørre kantsona av sjøve brotet veks den sjeldne og raudlista lodnefølblom (EN). Denne kulturplanten er svært utsett for attgroing av beite og slåttemark, men ser ut til å ha funne ei nisje her ved kalkbrota. Av planteartar elles kan nemnast m.a. blåstorr, breiflangre, brudespore (NT), engmarihand (NT, ein sjeldan orkidé som berre er kjend frå nokre få lokalitetar i Bømlo), gulsildre, hanekam, hjartegras, jáblom, kalksvartburkne, klourt, myrsaulauk, skogvikke, småblærerot, sær bustorr og vill-lin. Kransalgane i vatnet er ubestemt. Det finst truleg også raudlista skorpelav på kalksteinen, sidan fleire slike artar er påviste i Mosterhamn.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er utnytta til kalkbrot, og har både brotflater i berget, og lausmassar som er brote laus. Drifta opphørde truleg for minst 50 år sidan, men det ligg framleis ein del skrapjern att.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten er først og fremst del av eit landskap i Mosterhamn med kalkrike bergartar og artar som er knytt til desse. Mange slike artar er sjeldne men har gode bestandar i Mosterhamn pga. marmor i dagen. Det er fare for at arealet av slike område minkar gjennom nedbygging av kalkområda.

*Grunnjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein lokalitet som har mange kalkrevande artar. Artsmangfaldet omfattar m.a. tre raudlisteartar, delvis i høg raudlistekategori (raudlista 2006).

## **BN00012169 Notlandsvågen (ny avgrensing)**

<b>Posisjon:</b>	KM 9573 2319
<b>Naturtype:</b>	D15 Skrotemark
<b>Utforming:</b>	D1503 Kalkbrot
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Naturbase (B. Moe 28.05.2002, Moe 2003), 29.09.2009, Asbjørn Knutsen og JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	29.09.2009

### **Områdeskildring**

*Innleiring:* Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 25.02.2010, basert på Naturbaseutskrift pr. 20.02.2010 (Moe 2003, registrert 28.05.2002) og eige feltarbeid 29.09.2009 (Asbjørn Knutsen og JBJ). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i vestre del av Mosterhamn, på nordaustsida av Notlandsvågen ved Moster. Berggrunnen består av marmor (Ragnhildstveit et al. 1998) med eit varierande, men mange stader tynt jorddekke. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei skrotemark av utforminga kalkbrot. Viktigaste vegetasjonstypar er truleg F3 bergknaus og bergflate og F4 urterik kant (Fremstad 1997). Sjølve brotet er ca. 100 x 70 m og strekkjer seg frå sjøen og opp ei sørvestvendt skråning. Grensene for lokaliteten er trekte noko lenger mot aust og nord, for å inkludere nokre kalkberg med karstformasjonar. Som naturtype har området og fellestrekk med kalkrike strandberg. Dei veldrenerte berga har ein vegetasjon med mange tørketolande og kalkrevende plantar. Av tre og buskar kan nemnast ask, furu, hassel, krossved og selje.

*Artsmangfold:* I tørre område veks den sjeldne og raudlista lodnefølblom (EN). Denne kulturplanten er svært utsett for attgroing av beite og slåttemark, men ser ut til å ha funne ei nisje her ved kalkbrota. Av planteartar elles kan nemnast m.a. bergflette, bergskrinneblom, blodstorkenebb, blåstorr, brudespore (NT), fingerstorr, gjeldkarve, gulmaure, hjartegras, hårvæve, kalksvartburkne, kattefot, knollerteknapp, kystgrisøyre, lundgrønak, prikkperikum, rundskolm, skogbingel, skogvikke, storblåfjør, stortviblad, svartknoppurt, trollnype (VU) og vill-lin. Moe (2003) fann og flatrapp, som er ein sjeldan art i kommunen.

Av sopp kan nemnast grå ringmusserong *Tricholoma cingulatum* (truleg eit av dei første funna på Vestlandet) og silkemusserong *Tricholoma columbetta*. Det finst truleg også raudlista skorpelav på kalksteinen, sidan fleire slike artar er påviste i Mosterhamn.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er utnytta til kalkbrot, og har både brotflater i berget, lausmassar som er brote laus. Det er restar av ulike anlegg nyttta for transport av kalksteinen.

*Framande artar:* Det vart observert berberis.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er først og fremst del av eit landskap i Mosterhamn med kalkrike bergartar og artar som er knytt til desse. Mange slike artar er sjeldne men har gode bestandar i Mosterhamn pga. marmor i dagen. Det er fare for at arealet av slike område minkar gjennom nedbygging av kalkområda.

*Grunnjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein lokalitet som har mange kalkrevande artar. Artsmangfaldet omfattar m.a. tre raudlisteartar, delvis i høg raudlistekategori (raudlista 2006).

### **BN00037407 Berge**

Suppleringstekst skriven av John Bjarne Jordal 02.03.2010 basert på undersøking i felt 04.10.2009 saman med Asbjørn Knutsen, og undersøking 02.07.2009 av Harald Bratli (pers. komm.): Av planter vart det funne m.a. bitterbergknapp, blåklokke, blåkoll, dvergsmyle, fagerrogn, knegras, kornstorr, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmaure, markjordbær, murburkne, musekløver, skogsål, smalkjempe, svartknoppurt, tiriltunge, tusenfryd, vill-lin og vivendel. Av sopp vart det funne m.a. fiolett greinkøllesopp *Clavaria zollingeri* (NT), bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, fagerhette *Mycena adonis*, elfenbeinhette *Mycena flavoalba* og grasfleinsopp *Psilocybe inquinina*. Dei kalkrevande skorpelavane *Caloplaca cirrochroa* (VU) og *Toninia aromatica* vart funne nede ved vatnet på sørvestvendt kalkrik bergvegg i beitemark 02.07.2009 (KM 8569 1696, 10 m oh., Harald Bratli pers. komm.).

### **BN00049567 Gruva aust for Tollhuset**

Suppleringstekst skriven av John Bjarne Jordal 02.03.2010 basert på undersøking i felt 29.09.2009 saman med Asbjørn Knutsen: Det vart attfunne grøn raudskivesopp *Entoloma incanum* (NT). Det vart og notert hjartegras og kamgras. Det finst kanskje også raudlista skorpelav på kalksteinen, sidan fleire slike artar er påviste i Mosterhamn. Glycer vart også sett.

### **BN00049568 Kyrkjestolen**

